

## Jonsvannstraktene

Av O. Vasseljen

Her er det skogen som dominerer. I li etter li står skogen — mest gran, men også mye furu, blanda med bjørk og anna lauvskog. Større og mindre vatn lyser opp og innbyr til kvile. Terrenget er skiftande, og slalåmløparar vil her finne noko å prøve seg på. Vil ein ha ein smak av høgfjell, innbyr Gjervfjellet, tett ved Øvre Gjervan, til det.

Midt i skogområdet ligg Jonsvatnet. Ved Osen, om lag 10 km aust for Trondheim, har vatnet avløp til Vikelva, som går ut i Trondheimsfjorden ved Ranheim. Jonsvatnet er delt i ein større og ein mindre del — Storvatnet og Lillevatnet. Desse to delene heng saman gjennom ein kort val — «Valen». Lillevatnet er smalt og krocket. Ved Siemsnebben er det bygd bru over, og her er veg over til Bratsberg — «Solbakken bro». Brua har fått det namnet avdi ho ligg i nærleiken av skolestaden Solbakken. Storvatnet er mykje større enn Lillevatnet, og har ei greiare form. I middelmål kan ein rekne ei lengd på 7 km, og ei breidd på 4 km. Forutan dei 2 delane, som er nemnte, må ein nærmast rekne med Kilvatnet i Bratsberg som ein part av Jonsvatnet, då dei heng saman ved eit kort, smalt sund — Trongsundet — utan synleg straumføring.

I Storvatnet ligg fleire øyar, større og mindre — alle skogkledde. Jamvel den minste, Grautøya, ikkje større enn eit vanleg kjøken-golv, har sitt bjørkekjerr. Denne rike skogsvoksteren på øyane gjer Jonsvatnet so framifrå vakkert.

Som sagt, skogen dominerer. Men medan du går i tjukke skogen og har skogstilla kring deg, opnar det seg heilt uventa, og ein stor gard eller ein fin villa eller ei triveleg hytte ligg framfor deg.

Ein tur rundt Jonsvatnet er ei lett sak, og fleire avstikkarar kan ein ta med. Offentleg veg går rundt vatnet. Frå Flaten — ca 11 km



Stokdalstjernet

Fot. J. Horg

frå Trondheim, kan ein ta ein avstikkar til Solheimsvåtten, som ligg på grensa mellom Malvik og Strinda.

På ein times tid greier ein fint å nå toppen. Herifrå er det eit fint utsyn frå grensefjella i aust til Trollheimen i vest. I nord ligg Trondheimsfjorden med lange fjellrekker bak. I sør har vi Vassfjellet. Og ein god del av landet si søge kan ein lese herifrå ved å la auga fylgje fjorden frå Reinsklostret til Værnes Kongsgard i Stjørdalen. Det er verdt å merke seg at frå Flaten, over Stokdal i Malvik, går ein snarveg som gjer det lett vint å koma fram til Vikhamar st. på Meråkerbanen.


Vegen vidare frå Flaten austover fylgjer vatnet. Om lag 3 km frå Flaten ligg Kuset. Her har det vori drive kafé, men den er no nedlagt. Men det er å vone at drifta kjem i gang att når tida gjev høve til det. Frå Kuset går ein offentleg veg over til Malvik. Frå Øydal, ca 3 km frå Kuset, er det lett å gjere ein avstikkar til traktene kring Herjuvatnet, og vidare innover Malvik almenning.

Om lag 2 km frå Øydal ligg Øvre Gjervan. Frå denne garden kan ein på ein times tid nå opp på Gjervfjellet. Dette fjellet har inga stor vidde, men er vakkert og med eit herleg kringsjå. Frå Øvre Gjervan går offentleg veg over til Hommelvika. Om lag midtvegs mellom Gjervan og Hommelvik, ved garden Bakken, kjem vegen frå Selbustranda til.

På sørsida av Jonsvatnet ligg Hugås almenning med skogvidder innover mot Drakstsjøtraktene. Frå Drakstsjø er det lett vint å nå fram til vegen frå Selbustranda. På Hugås almenning, ein times veg frå Hugås gard, ved Jonsvatnet, ligg ein einsleg gard, Skivollen. Omkring denne garden er fine strok med fleire små, vakre vatn. I vest for Skivollen ligg Bostadvollhøgda med serleg vakkert utsyn nordover. Traktene sørover mot Selbusjøen heiter Klæbu nordre almenning. Her var i eldre tid mange sætrar, men storparten av sætrane er no nedlagde. Her er fint skiterreng og grannelaget er lokkande.

På sørsida av Selbusjøen er Brongvika, rik på vatn og større og mindre høgfjellparti: Kråkfjellet, Sannafjellet, Brongfjellet, like i aust, Reinsfjellet — på grensa mellom Selbu og Singsås, og i vest Vassfjellet på skilet mellom Klæbu og Melhus. Av vatn kan ein nemne: Storvatnet, Sannavatnet, Dønøyvatnet, Tangvollsjøen o. f. Denne trakta har mykje å by på anten ein kjem der vinter eller somar. Og lett vint er det å kome dit. Som kjent ligg den vestre delen av Selbusjøen i Klæbu herred. Sjøen her er berre smal, og det er snart gjort å kome over anten ein vel Brøttem, Grenstad eller Teigen. Frå Vika — ein nedlagt gard midt over for Teigen — er det grei vøglei langt innover. Ein times marsj frå Vika, og du tar til nord, fram til den eigentlege Brongmarka.

Selbusjøen vidar seg ut noko nedanfor Brøttem, og denne utvidinga heiter Bjørsjøen. Her har Nidelva avløpet sitt gjennom Trongfossen dei kallar. Trongfossen er ikkje ein foss i vanleg meining. Det er ein om lag 180 m lang strupe, 12—14 m brei med loddbeine bergveggar på begge sider, med ei djupn på 20—25 m. Geologane meiner at elva har skore ut denne strupen ved eige arbeid gjennom langsameleg tid. Kor lang tid som er gått med, er vel ikkje så godt å seie. Men det ser mest ut til at elva er blitt lei av dette evinnelege gnetet, for da ho vel er komen ut av strupen, setter ho



Estenstad

Fot. Rudolf Lindboe

i vill dans utover Hyttefossane. Ved Svean saktar ho farten, og vidar seg ut og tar det med ro til ho brått gjer eit elegant prøvehopp utover den vakre Fjæremsfossen før ho gjer karsstykket sitt ved Leirfossane.

#### *Estenstadmarka.*

Høgdedraget som går i sørvestleg retning frå Stokkan i Strinda til Bratsberghøgda i Bratsberg, har namnet Estenstadmarka når det gjeld å namnefeste utfartsområdet. Sjelve eige dommen Estenstad utgjer berre ein mindre del av området, men ligg i den sentrale delen, og det har vel gjort at namnet er gått over på heile trakta. For vel 40 år sidan vart heile Estenstadskogen snauhoggen. Men ved årleg skogplanting ved skolebarn og ungdom står ungs kogen der no. Eige dommen høyrer no Strinda kommune til, og her har Strinda vassverk sine inntaksbasseng. Av omsyn til vassverket er Estenstad nedlagt som gardsbruk og husa nedrivne.

Dette området, «Estenstadmarka», ligg så å seie like inn på byen i søraustleg retning for denne. Den lett vintaste ruta frå byen går forbi Moholt kyrkja, og når ein kjem opp til Moholt, er ein straks

inne i skogterrenget. For berre kort tid sidan var dette stroket heilt upåakta. Først i dei seinare åra har folk teke til å skjöne kor mykje denne trakta ber i seg som utfartsstad, og utfartsstraumen har auka jamt etter kvart og vil nok auke vidare etter som kjennskapen til området veks.

Frå vassbassenget og opp Styggdalen t. d. kjem ein opp på ryggen av høgdedraget. Her får ein eit storfelt utsyn over Jonsvatnet og skogviddene austover. No er det høve til å slå inn på turer i ymse leier. Skogstilla høver for ein, opent terreng ikring Reinåsen og vidare sørover mot Bratsberg kyrkje for ein annan. Lett er det og å komme fram til Jonsvatnet. Skulle det ikkje her på denne høgda vera plass for ei skistue med restaurant? Noko slags «fordringer» elles trengs ikkje. Det einaste kunne vera å reinske opp noko når det gjeld løyper. Estenstadmarka byr seg best fram utan påpynting.

Med sin korte avstand frå byen og med sitt vekslende terreng og si friske skogluft, byr denne trakta seg serleg fram til søndagsutfart. Med normale tider vil rutebilane stå til tenest for utfartsfolket. Holdeplassane Osbakken og Solbakken bro på Jonsvassruta ligg lagleg til, og Klæburuta vil gjera tenest på vestkanten.

## Hemnekjølen og traktene kring Søvassdalen

Av Martin Aspøhaug



Søvatnet med Ruten

Fot. Arnfinn Fuglevåg

I mellom Orkdalen og Hemne har det fra gammelt av vært vei. Den tok av fra hovedveien ved Forve bru på Fannrem og gikk vestover heilt til Kyrkseterøyra ved Hemnefjorden. Var en vel opp Sommervollbakkene og inn på Fossiljåren, hadde en det herligste utsyn over den breie, åpne og vakre Orkdal. Så fører veien oss ned i et lite dalsøkk og fram mot Markabygda. Den er ikke frak, denne veien, bakke opp og det samme ned, smal og kronglet, men roman-